

# SYKKYLVEN

Rådmannens årsmelding

År 2018



## INNHOLD

Om årsmeldinga:	5
Om rekneskapen:	5
Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 48 nr 5:	5
Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga:	5
Netto driftsresultat dei seinare åra:	5
Akkumulert under-/overskot:	6
Likviditet:	7
Utvikling i lånegjeld i høve driftsinntekter:	7
Netto lånegjeld:	8
Likestilling og diskriminering:	8
Iverksette tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard:	9
Eigedomsskatt	10
Nedlegging Tandstad skule	11
Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap	13
Budsjett- og rekneskapsskjema 1A:	14
Budsjett- og rekneskapsskjema 1 B	17
Budsjett og rekneskapsskjema 2 A	21
Budsjett- og rekneskapsskjema 2B	23
Internbudsjett og –rekneskap	26



## Om årsmeldinga:

Etter kommunelova § 48 skal rådmannen legge fram årsmelding.

Årsmeldinga skal etter Forskrift om årsrekneskap og årsmelding (for kommunar og fylkeskommunar) § 10 3. ledd fremjast utan utgrunna opphald og innan 31. mars.

I § 48 nr 5 er det lista opp nokre punkt som årsmeldinga skal omtale.

I tillegg har Institutt for god kommunal rekneskapsskikk 22. januar 2018 fastsett standard for notar og årsmelding.

Denne årsmeldinga er meint å stette krava både i kommunelova og i standarden.

## Om rekneskapen:

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova. Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt. Eit underskot i ein kommunerekneskap fortel dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta reduksjon i arbeidskapitalens kortsiktige del. Eit overskot dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta auke i arbeidskapitalens kortsiktige del.


Det er i ein kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store overskot. Ein kommune skal yte tenester til innbyggjarane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbyggjarane på ein mest mogleg rasjonell måte.

Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 48 nr 5:

Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga:

### Netto driftsresultat dei seinare åra:

ÅR	NETTO DRIFTSRESULTAT
År 2006	21 059 454
År 2007	452 433
År 2008	-20 789 800
År 2009	-6 022 905
År 2010	-3 782 061
År 2011	869 770
År 2012	7 026
År 2013	-1 107 771
År 2014	-5 524 852
År 2015	41 045 359
År 2016	30 387 054
År 2017	8 865 840
År 2018	1 465 685



Ofte når det er tale om over- eller underskot i ei verksemd som fører rekneskapen etter Norsk Standard, talar ein om Ordinært resultat.

Omgrepet Netto driftsresultat er det resultatomgrepet etter kommunal reknesaksstandard som ligg nærmast opp til Ordinært resultat (Over-/underskot) i ei verksemd som fører rekneskapen i samsvar med Norsk Standard (Resultatorientert rekneskap).

TBU (Teknisk beregningsutval for kommunal økonomi) har rekna ut at ettersom alt kapitalslit ikkje vert ført som utgift i eit finansielt orientert rekneskap, treng kommunane over tid eit netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene. For år 2018 utgjorde netto driftsresultat 0,27 prosent av driftsinntektene, mest 1,5 prosentpoeng därlegare enn kravet.

Dei siste fire åra har netto driftsresultat i snitt vore 3,90 prosent av driftsinntektene. 2,15 prosentpoeng betre enn kravet.

#### Akkumulert under-/overskot:

Tabellen syner ikkje årsresultat men akkumulert (Oppsamla) underskot ved årsslutt kvart år

AKKUMULERT UNDERSKOT	RSK 2013	RSK 2014	RSK 2015	RSK 2016	RSK 2017	RSK 2018
Sum akkumulert underskot	43 430	50 260	19 579	0	0	0

#### Hovudårsaker til økonomiske utfordringar:

Rådmannen ser to hovudårsaker til Sykkylven kommunes økonomiske problem:

- Låge inntekter  
Iflg KMD, Kommuneøkonomiproposisjonen for året 2017, var korrigerte frie inntekter per innbyggjar (Inntekter korrigert for variasjonar i utgiftsbehovet i kommunane) inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter berre 92 prosent av landssnitt.
- Finansielle instrument  
Kommunens eksponering i finansielle instrument har fått ein effekt stikk motsett av det som var årsaka til at ein tok instrumenta i bruk.

- Endring i rammevilkåra. Sykkylven kommune får store kutt i rammeoverføringane grunna:
  - Sykkylven kommune er ein «friviljug» liten kommune
  - Negativ demografiutvikling

Likviditet:

Akkumulert premieavvik som enno ikkje er belasta driftsrekneskapen legg eit stort press på likviditeten.

ÅR	FONDSMIDLAR	AKKUMULERT PREMIEAVVIK INKL ARBEIDSGIVARAVG	AKKUMULERT UNDERSKOT	SUM FOND, PREMIEAVVIK OG AKK. UNDERSKOT
År 2000	9 351 558	0	-3 978 353	5 373 206
År 2001	59 516 030	0	-2 652 353	56 863 677
År 2002	51 589 506	0	-13 413 421	38 176 085
År 2003	52 019 965	-7 372 614	-19 570 177	25 077 174
År 2004	60 700 444	-8 751 707	-20 479 057	31 469 680
År 2005	51 910 441	-10 571 723	-16 154 573	25 184 145
År 2006	47 711 432	-12 237 165	-7 065 635	28 408 632
År 2007	26 551 744	-18 304 082	0	8 247 662
År 2008	26 044 453	-30 548 998	-21 253 838	-25 758 383
År 2009	21 218 349	-26 885 443	-25 376 400	-31 043 494
År 2010	22 446 537	-34 759 912	-31 674 206	-43 987 581
År 2011	18 833 197	-46 156 381	-37 580 234	-64 903 418
År 2012	14 909 969	-41 159 827	-37 591 178	-63 841 036
År 2013	17 255 823	-34 471 068	-43 430 108	-60 645 353
År 2014	13 907 970	-40 353 844	-50 259 701	-76 705 575
År 2015	9 915 201	-41 538 544	-19 578 601	-51 201 944
År 2016	14 088 260	-44 162 287	0	-30 074 027
År 2017	30 895 690	-45 820 212	0	-14 924 522
År 2018	36 134 915	-43 645 672	0	-7 510 757


Utvikling i lånegjeld i høve driftsinntekter:

	DRIFTSINNTEKTER	LÅNEGJELD	LÅNEGJ I % AV DRIFTSINNT
År 2006	306 497 893	318 879 299	104,04 %
År 2007	332 231 610	334 247 608	100,61 %
År 2008	349 969 716	365 134 255	104,33 %
År 2009	375 707 388	393 903 268	104,84 %
År 2010	390 290 338	437 485 810	112,09 %
År 2011	425 384 633	484 431 861	113,88 %
År 2012	453 740 147	484 064 417	106,68 %
År 2013	471 521 229	484 267 433	102,70 %
År 2014	477 358 733	476 322 491	99,78 %
År 2015	493 812 052	465 804 979	94,33 %

	DRIFTSINNTEKTER	LÅNEGJELD	LÅNEGJ I % AV DRIFTSINNT
År 2016	523 714 465	461 241 121	88,08 %
År 2017	533 761 611	542 532 527	101,65 %
År 2018	547 475 266	530 118 577	96,82 %

Netto lånegjeld:

	ÅR 2018	ÅR 2017	ÅR 2016	ÅR 2015	ÅR 2014
Lånegjeld	530 118 577	542 532 527	461 241 121	465 804 979	476 322 491
Utlån til SE AS					
Utlån til Stfj. Terminal	-6 564 100	-5 838 000	-5 838 000	-5 838 000	-5 238 000
Utlån til andre	-11 127 904	-6 540 722	-4 733 110	-5 798 985	-8 003 178
Ubrukte lånemidlar	-6 579 527	-37 628 881	-6 691 921	-3 079 299	-8 940 012
Netto lånegjeld	505 847 046	492 524 924	450 192 431	451 088 695	454 141 301



Likestilling og diskriminering:

Frå 2003 vart det innteke i kommunelova at ein i årsmeldinga skal gjere greie for likestilling.

- Personalpolitiske spørsmål skal vurderast i eit kjønnsperspektiv
- Ein skal kunne avdekke om verksemda oppfyller lovkrav, peike på problem og ta opp problemstillingar som bør visast merksemrd
- Ein skal kunne gir råd som kan fremje likestilling.

Det skal i denne samanhanga leggast fram:

- Ei systematisk framstilling av tilhøva som er relevante for å vurdere graden av likestilling mellom kvinner og menn
- Ei opplysning om igangsette og planlagde tiltak

Til dette kravet kan nemnast:

- I talet årsverk er fordelinga mellom kvinner og menn slik at stordelen av deltidsstillingar fell på kvinner.
- Kommunen har få menn i deltidsstillingar
- Dei er to kvinner av fire årsverk i toppleiringa
- På einingsleiarnivå er det 8 menn og 11 kvinner
- På lågare nivå (konsulent og sekretær) er det stor overvekt av kvinner
- Lønnsmessig er det liten skilnad på kvinner og menn innan dei respektive nivåa
- Ein opplever også i kommunen at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går att:
  - Kvinner i omsorgs-, barnehage- og reinhaldaryrke
  - Kvinner overtek meir og meir i skuleverket
  - Kvinner er overrepresenterte i merkantile stillingar
  - Menn er overrepresenterte i tekniske stillingar.

Fordelinga mellom kvinner og menn tilsett i Sykkylven kommune kan målast på ulike måtar. Tek ein berre omsyn til fast tilsette arbeidstakrar og reknar om til årsverk er 80 % kvinner og 20 % menn.

Mest skeiv fordeling har ein i barnehagane (Berre kvinner, utanom ein) og i brann- og redningskorpsset og teknisk uteseksjon (berre menn). Delen av menn i omsorgsyrka er også svært liten.

Ved rekruttering til stillingar opplever ein også ei tradisjonell søking. Kommunen har ikkje under elles like tilhøve valt kvinner ut frå eit likestillingsmessig omsyn.

Mange kvinner søker seg ofte ned frå 100 % stilling ut frå omsorgsbehov. Tendensen har likevel dei siste åra vore at fleire og fleire kvinner søker seg større stillingar. Dette gjeld i hovudsak innan pleie og omsorgsyrka.

Frå arbeidsgivarhald har ein prøvd å oppfylle likestillingsmessige omsyn så langt ein rår over dette. Når det gjeld lønn har ein prøvd å tilby like lønn for kvinner og menn på likt nivå.

Kommunen har i år 2018 ikkje sett i verk nye tiltak.

Ein kan likevel nemne at ein har fokus på:

- Utviding av deltidsstillingar
- Velje kvinner der det under elles nokolunde like høve er mogleg.

Iverksette tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard:

Kommunen har eit avvikssystem og system for varsling. Innkjøpsreglement er vedteke og i samband med overgang til nytt økonomisystem i år 2012 vart det lagt stor vekt på å sikre betryggande økonomisk internkontroll.

Overordna etiske retningslinjer vart sist vedteke i kommunestyret 10. desember 2012. Rådmannen har fått attende rapportar om at desse retningslinene er gått gjennom med dei tilsette i einingane/avdelingane.

I samband med ny kommunestyreperiode 2015-2019 er retningslinene gått gjennom på nytt både politisk og administrativt.

Det er i år 2015 fastsett eit eige regelverk når det gjeld kontroll med leverandørar.

## Eigedomsskatt

Det vart i år 2015 innført eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedomar.

Ved behandling av rekneskapen for 2016 i juni 2017 vart det vedteke å avskaffe eigedomsskatten frå 1. juli 2017.

I samband med budsjettet for 2018 vart eigedomsskatt ført inn på nytt, med botnfrådrag kr 2 200 000.

Opphavleg budsjett vart sett opp slik:

EIGEDOMSSKATT	BUDSJETT
DRIFTSUTGIFTER	51 420
AVSKRIVNINGAR	128 940
EIGEDOMSSKATT BUSTADER OG FRITIDSBUSTADER	-930 000
NETTO INNTEKT	-749 640

Vi opplevde at Skatteetaten ved fastsetting av formuesgrunnlag, skrev ned verdiane på bustadene i Sykkylven kommune.

TYPE SKATTEEIGEDOM	TAL AVTALAR	TAL BUEININGAR	SUM TAKST
Formuesgrunnlag bustad 2017	2347	2927	4 703 960 000
Formuesgrunnlag bustad 2018	2350	2994	4 097 911 000
Endring i samla takst Forumuesgrl. Bustad			-606 049 000

Med 2 promille eigedomsskatt i 2017 og 2018 ville dette aleine ha medført eit inntektstap på kr 1 211 098.

I tillegg la kommunestyret til grunn at botnfrådrag er per hus (Avtalar) – 2 350. Frådraget er per bueining – 2 994. Ein auke i talet botnfrådrag på 644. (Hus med registrert hybelleilighet har to bueiningar).

Dette medførte at svært mange fleire hus enn rekna med, ikkje fekk utskrive eigedomsskatt.

Budsjettet eigedomsskatteinntekt vart derfor sett ned frå kr 930 000 til kr 302 000 (Nedsett med kr 628 000).

Rådmannen vart pålagt å legge fram eit budsjett utan eigedomsskatt. Det var derfor ikkje teke med midlar til å drifta systemet. Då eigedomsskatt vart innført ved vedtak i budsjettmøtet, vart det ikkje lagt inn pengar til drift av systemet.

Eigedomsskatten gav derfor slikt resultat:

EIGEDOMSSKATT	REKNESKAP	BUDSJETT
DRIFTSUTGIFTER	390 355	0
UTGIFTSFØRING MOMSKOMP DRIFT	94 589	0
AVSKRIVNINGAR	128 940	128 940
INNTEKTSFØRING MOMSKOMP DRIFT	-94 589	0
EIGEDOMSSKATT BUSTADER OG FRITIDSBUSTADER	-218 283	-302 000
NETTO RESULTAT	301 012	-173 060

I staden for ei netto inntekt frå eigedomsskatt på kr 173 060, fekk vi ei netto utgift på eigedomsskatt på kr 301 012.

## Nedlegging Tandstad skule

Kommunestyrets budsjettvedtak for år 2018, K-sak 80/17:

Fellesutgifter skulane	År 2018
Innlagde tiltak:	
Styrking skule	400 000
Justering av drift barneskular	-1 750 000
Summen av tiltak	-1 350 000

Administrasjonen har heile tida oppfatta posten «Styrking skule» som ein eigen post, og at kommunestyret ikkje hadde redusert framleget til innsparing frå kr 1 750 000 til kr 1 350 000. Kr 1 750 000 i innsparing ved justering drift barneskular vart definert som oppdraget.

5. februar 2018 som K-sak 5/18 behandla kommunestyret sak om ulike løysingar for å nå innsparingsmålet på kr 1 750 000.

Med 18 mot 11 røyster vart det gjort slikt vedtak:

1

Sykylven kommunestyre ber om at administrasjonen legg fram ei sak om eventuell endring av kretsgrenser for Sørestranda skule/eventuell nedlegging av Tandstad skule frå hausten 2018 i tråd med alternativ 2 i saksutgreiinga.

2

Administrasjonen vert vidare oppmoda om å legge fram ei vurdering av økonomiske konsekvensar ved ev. å etablere eit oppvekstsenter ved Tandstad skule som kan romme både skule for t.d. 1. – 3. klasse og barnehage. I denne vurderinga skal det takast omsyn til verdien av ev. dugnadsinnsats som grendalaget ynskjer å legge inn i eit slikt prosjekt.

3

Rådmannen etablerer eit nærmare samarbeid mellom Tandstad skule og Sørestranda skule som kan gjere ei eventuell samanslåing lettare både for skuleborna, foreldra og dei tilsette. Samtidig kan ein og få vurdert eventuell økonomisk vinst eit slikt samarbeid i seg sjølv kan opne for.

4

Ein ber òg om ei utgreiing om den totale skulestrukturen i Sykylven, irekna sentrumsområdet

Ei eiga høyringssak var med i saka då kommunestyret 14. mai 2018 som K-sak 25/18 med 15 mot 14 røyster vedtok formannskapet si innstilling. Formannskapets innstilling var samanfallande med rådmannens framlegg til vedtak:

A. Tandstad skule vert lagt ned frå 01.08.2018

B. Elevane frå Tandstad skule vert overførte til nytt opptaksområde for Sørestranda skule.

Vedtaket innehold nokre fleire punkt (M.a. ei forskriftsendring) som ikkje er vurdert å ha noko å sei for behandling av budsjettet.

Sak om «Justering av drift barneskular» var dermed gjort om til sak vedkomande «Nedlegging av Tandstad skule».

Rådmannen starta då sak vedkomande flytting av personale, budsjettendringar, med meir.

Slike budsjettendringar vart gjort:

### Netto driftsutgifter

SKULE	OPPHAVLEG BUDSJETT	BUDSJETTENDRING	NYTT BUDSJETT
Tandstad skule	7 867 590	-3 772 320	4 095 270
Sørestrand skule	12 022 960	1 717 486	13 740 446
Aure skule	14 807 000	100 000	14 907 000
Felles for skulane	-1 750 000	1 954 834	204 834
Sum	32 947 550	0	32 947 550

Summane for Tandstad og Sørestrand skular gjeld både ordinær undervisning og SFO. Summen for Aure skule gjeld berre ordinær undervisning.

Rekneskapen for Tandstad skule, netto driftsutgifter, vart slik:

SKULE	KORRIGERT BUDSJETT	REKNESKAP	INNSPARING
Tandstad skule	4 095 270	3 983 601	111 669

Av den positive restsummen for «Felles for skulane» vart noko brukt, og restsummen er kr 183 000  
Samla innsparing (Avrunda til nærmeste kr 500):

DELSUMMAR	SUM I KR
Innsparing budsjett:rekneskap Tandstad skule	111 500
Restsum "Felles for skulane"	183 000
Sum samla innsparing utover kravet kr 1 750 000	294 500

Ved framlegging av K-sak 25/18 vart bygningsrelaterte kostnader vurdert til -kr 600 000 på årsbasis (5/12 dvs kr -250 000 i år 2018).

Auknen i skuleskyss vart vurdert til å bli kr 300 000 på årsbasis (5/12 dvs kr 125 000 i år 2018).

Dette er ikkje teke omsyn til her. Ein har valt å fokusere på dei undervisningsrelaterte kostnadene. Til orientering: Samla utgifter til skuleskyss var i 2017 kr 1 986 247 og i 2018 kr 2 033 205.

*Hendingar etter balansedagen med betinga utfall:*

Ingen kjende per dato.

## **Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap**

Frå standarden for notar og årsmelding:

Det skal redegjøres for vesentlige avvik mellom regnskapsført beløp og regulert budsjett for de enkelte linjene i regnskapsskjema 1A og B og 2A og B.

Standarden er ny – Frå 18. januar 2018. Vi har valt å vere heller detaljerte.

## Budsjett- og rekneskapsskjema 1A:

	Note	Rsk 2018	Bud 2018 Korrigert	Avvik i kr	Innt/forbr. i %
Skatt på inntekt og formue	1	194 272 920	188 785 500	5 487 420	102,91 %
Ordinært rammetilskot	1	224 494 523	229 089 492	-4 594 969	97,99 %
Skatt på eigedom		218 283	302 000	-83 717	72,28 %
Andre direkte eller indirekte skattar		263 106	120 000	143 106	219,26 %
Andre generelle statstilskot	2	22 593 418	21 385 430	1 207 988	105,65 %
<b>Sum frie disponible inntekter</b>		441 842 250	439 682 422	2 159 828	100,49 %
 Renteinntekter og utbytte	3	11 088 621	11 711 131	-622 510	94,68 %
Gevinst finansielle instrument (Omløpsmidlar)					
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4	20 181 351	21 145 999	-964 648	95,44 %
Tap finansielle instrument - (Reversering tidl. tap)		-3 702 948	-3 703 000	52	100,00 %
Avdrag på lån	5	16 513 192	16 262 500	250 692	101,54 %
<b>Netto finansinntekter (-)/-utgifter</b>		21 902 974	21 994 368	-91 394	99,58 %
 Til dekning av tidl. års rekneskapsm. meirforbr.					
Til ubundne avsettingar	6	13 460 140	13 301 529	158 611	101,19 %
Til bundne avsettingar	7	2 747 120		2 747 120	
Bruk av tidl. års rekneskapsm. mindreforbruk		10 755 640	10 755 640	0	100,00 %
Bruk av ubundne avsettingar		14 911 466	14 892 270	19 196	100,13 %
Bruk av bundne avsettingar	8	2 117 740	1 843 500	274 240	114,88 %
<b>Netto avsettingar</b>		-11 577 586	-14 189 881	2 612 295	81,59 %
 Overført til investeringsrekneskap/-budsjett	9	504 434	383 500	120 934	131,53 %
Til fordeling drift		431 012 428	431 494 435	-482 007	99,89 %
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)		418 473 591	431 494 435	-13 020 844	96,98 %
 <b>Rekneskapsmessig mindreforbruk/meirforbruk (-)</b>		<u>12 538 837</u>	<u>0</u>		

Kommentarar:

### Note 1 Skatt og rammetilskot

Skatt og rammetilskot syner i høve korrigert budsjett eit positivt resultat på kr 892 451. Dette utgjer ei meirinntekt på 0,21 prosent.

I høve opphavleg budsjett syner skatt og rammetilskot ei meirinntekt på kr 8 130 443

Det er særleg skatt som syner meirinngang, kr 9 187 920. Dette har medført ein reduksjon i inntektsutjamnande tilskot på kr 2 407 489.

Skatt og rammetilskot år 2018 er 2,15 prosent høgare enn i 2017. Skatteinngangen syner ein auke på 6,74 prosent.

### Note 2 Andre generelle statstilskot

Vi har ein meirinngang på kr 1 207 988. Dette skuldast høgare tilskot enn budsjettet vedkomande flyktninger, kr 1 717 414. Samstundes har vi hatt ein svikt i kompensasjon for omsorgsbustader og Buas.

### Note 3 Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter og utbytte har eit negativt resultat på kr 622 510. 5,32 prosent av det budsjetterte.

Det er særleg renteinntekter frå bankinnskot som syner nedgang


INNESTÅANDE BANK	SUM
Inneståande 1. januar 2018	73 245 133
Inneståande 31. desember 2018	43 317 468
Endring	-29 927 665

Utbyttet frå Sykkylven Energi AS vart som budsjettert. 7 000 000.

### Note 4 Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter.

Renteutgifter har eit negativt resultat på kr 964 648. Dette utgjer 5,32 prosent av det budsjetterte.

Auken i 3 mnd NIBOR har medført høgare renteutgifter enn budsjettet.



(Sjå raud trendline)

**NB.** Om lag halvparten av auken er kompensert ved redusert netto betaling til Nordea (Rentebyteavtalar).

### Note 5 Avdrag på lån.

Avdrag på lån har eit negativt resultat på kr 250 692. 1,54 prosent av det budsjetterte.

Den nye kommunelova medfører høgare avdragskrav enn noverande kommunelov opnar for. Auken i betalte avdrag 2018:2017 (16 513 192:14 195 485) er del av ei gradvis opptrapping til nytt regelverk.

### Note 6 Ubundne avsettingar

Det er avsett kr 158 611 meir til ubundne avsettingar (Disposisjonsfond) enn budsjettet.

Overskot tryggleiksalarmar kr 158 611 er iflg gamalt fullmaktsvedtak avsett til disposisjonsfond. Resultatet er ikkje kjent før rekneskapen vert avslutta i januar/februar året etter rekneskapsåret og det er ikkje lov å vedta budsjettendringar etter budsjettårets utgang.

### Note 7 Bundne avsettingar

Det er avsett 2 747 120 til bundne fond. Ikkje noko av dette er budsjettet.

Mottekne øyremerka statstilskot seint på året er ikkje brukt fullt ut, og avsett til bunde fond.

### Note 8 Bruk av bundne avsettingar

Det er brukt kr 274 240 meir enn budsjettet. Dette er 14,88 prosent meir enn budsjettet.

Dette er som øyremerka statstilskot motteke i året før rekneskapsåret som er teke til inntekt for tildelt formål.

### Note 9 Overført investeringsrekneskapen

Det er overført kr 504 434 til investeringsrekneskapen. Kr 383 722,06 gjeld finansiering av ny bil Frivillegesentralen og kr kr 120 711 gjeld sletting av eit krav mot Film og kino.

## Budsjett- og rekneskapsskjema 1 B

	Rsk 2018	Bud 2018	Avvik i kr	Avvik i %
	Korrigeret			
<b>Driftsområde</b>				
Kommunestyret (Frå 2017 også kyrkje)	10 170 341	10 252 580	82 239	0,80 %
Finansiering	-31 146 980	-27 806 325	3 340 655	-12,01 %
Felles for barnehagane/styrka tilbod PPT i barnehagane	1	8 866 323	8 307 807	-558 516
Vik barnehage		3 523 506	3 625 761	2,82 %
Tandstad barnehage		3 614 223	3 742 529	3,43 %
Blakstad barnehage		3 608 643	3 580 633	-0,78 %
Ullavik barnehage		6 107 583	6 280 240	2,75 %
Vikedalen barnehage	2	7 048 788	7 636 414	587 626
Private barnehagar		29 627 436	29 625 500	-1 936
<b>Barnehagesektoren samla</b>				
Aure skule		62 396 501	62 798 884	402 383
Sørestrand skule		15 279 069	15 098 915	-180 154
Tandstad skule		13 632 022	13 934 495	302 473
Ullavik skule		3 983 601	4 095 270	111 669
Vik skule		14 899 819	14 664 475	-235 344
Ungdomsskule og vaksenopplæring	3	11 308 295	11 630 030	321 735
Felles for skulane, skuleskyss og ref. til private skular	4	32 977 453	34 910 614	1 933 161
<b>Grunnskulesektoren samla</b>				
Syklyven bu- og aktivitetssenter		99 090 316	102 417 973	3 327 657
Heimeteneste distrikt		29 856 910	29 548 611	-308 299
Barne- og familietenestene	5	45 966 166	50 450 759	4 484 593
Nav kommune	6	6 185 980	5 678 799	-507 181
Samhandlingsreforma	7	1 162 719	1 913 209	750 490
Bu- og ReHabiliteringstenestene		34 142 994	34 871 679	728 685
<b>Helse-, omsorgs- og velferdssektoren samla</b>				
Kultur (Også kyrkje tom 2016)	8	179 770 564	186 030 116	6 259 552
Nærings	9	10 737 078	10 254 318	-482 760
Teknisk driftseining		1 012 624	1 464 000	451 376
Kommunaleiinga		54 387 135	54 904 170	517 035
Fellestenestene		12 968 322	12 749 692	-218 630
		19 087 689	18 429 027	-658 662
<b>NETTO DRIFTSRAMME ALLE RAMMEOMRÅDA</b>				
		418 473 591	431 494 435	13 020 844
				3,02 %

Budsjettkjema 1B har som formål å syne kor mykje einingane treng tilført av midlar etter eiga finansiering av aktivitet er gjort. Budsjettkjema 1B kan ikkje nyttast til å kontrollere om einingane held budsjetta sine eller ikkje. For det føremålet syner ein til Internbudsjett og -rekneskap til slutt i årsmeldinga.

Iflg Standard for notar og årsmelding skal vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap kommenterast. I samsvar med tidlegare praksis har vi lagt til grunn at eit meirforbruk/mindreinntekt på 4 prosent eller over, er eit vesentleg avvik.

Kommentarar:

Samla syner einingsrekneskapane ei innsparing på kr 8 191 830, 1,97 prosent av budsjettet.

## Note 1 og 2 Barnehagesekturen

Barnehagesekturen har i skjema 1B eit positivt resultat på kr 402 383. Legg vi netto driftsutgifter til grunn, sjå Internbudsjett og –rekneskap til slutt i årsmeldinga, er der eit postitivt avvik på kr 450 056. (Skjema 1B fangar ikkje opp at eininga netto har nytta kr 47 673 av bundne fond frå tidlegare).

Vedkomande Felles for barnehagane, netto meirforbruk kr 417 642.

Meirforbruket skuldast i hovudsak:

- Auka behov for spesialpedagogisk hjelp (ført under arten konsulenttenester): - 1 125 000 kr
- Tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne (ein privat bhg): - 270 000 kr
- Refusjon til andre kommuner / bhg.plassar for barn busett i Sykkylven: - 395 000 kr

Innsparingar og meirinntekter på andre område gjorde at samla meirforbruk vart redusert til drøye 417 000 kr.

## Note 2 Vikedalen barnehage

Vikedalen barnehage har i skjema 1B eit positivt resultat på kr 587 626. Legg vi netto driftsutgifter til grunn, sjå Internbudsjett og –rekneskap til slutt i årsmeldinga, er der eit postitivt avvik på kr 537 626. (Skjema 1B fangar ikkje opp at eininga netto har sett av kr 50 000 til bundne fond.)

Innsparinga er grunna i meirinntekter.

## Note 3 Sykkylven ungdomsskule og vaksenopplæring

Ungdomsskulen/vaksenopplæringa har i skjema 1B eit positivt resultat på kr 1 933 161.

Innsparing er i hovudsak grunna i mindre pensjonsutgifter enn budsjettet til Statens pensjonskasse.

## Note 4 Felles for skulane

Felles for skulane har i skjema 1B eit positivt resultat på kr 1 074 119.

Hovudårsaka ligg i ei ubrukt reservert løyving på kr 604 834. Av denne kr 183 000 nemnt ovanfor vedkomande innsparing ved nedlegging Tandstad skule.

## Note 5 Barne- og familietenestene

Barne- og familietenestene har eit positivt resultat på kr 4 484 593. Internbudsjett og –rekneskap syner eit positivt resultat på kr 3 857 324. Netto er det avsett kr 627 269 til bundne fond.

Hovudårsaka ligg i ei reservert løyving vedkomande flyktningar på kr 3 842 500.

Ved budsjettendring auka kommunestyret statstilskot flyktningar opp til det påreknelege og sette av auken på ei reservert løyving innanfor flyktningtenesta, i tilfelle det skulle påkome store utgifter. Så skjedde ikkje, og løyvinga er ikkje nytta.

## Note 6 NAV kommune

NAV kommune har eit negativt resultat på kr 507 181. Internbudsjett og –rekneskap syner det same. Der ikkje brukt av eller avsett til fond.

Årsakene til overskridingane ligg i høgare utbetaling enn budsjettet vedkomande Pliktig hjelbidrag og Kvalifiseringsprogrammet.

## Note 7 Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma har eit positivt resultat på kr 750 490. Internbudsjett og –rekneskap syner det same. Det er ikkje avsett midlar til bundne fond.

Hovudårsaka til innsparinga er at ein har oppnådd kreditnotaer frå Helseforetaket på til saman kr 473 381. Kr 421 539 gjeld år 2016 og 2017.

## Note 8 Kultur

Kultur har eit negativt resultat på kr 482 760. Internbudsjett og –rekneskap syner eit negativt resultat på kr 461 447. Netto er det teke til inntekt kr 21 313 av bundne fond. Meirforbruket er 4,71 prosent. I fjar var det 5,38 prosent. .

### Velledalen symjehall

Så langt har vi hatt ein teknisk feil ved Velledalen symjehall ved årsskiftet. El.kjelen måtte skiftast ut og det måtte gjerast for å redde resten av anlegget. Dette kosta om lag kr. 99.000, men styret i symjehallen har betalt inn kr. 40.000 i gáve til dette tiltaket. Meirutgifta på ansvar 50013 vil då bli om lag ca 60.000 grunna dette.

### Kulturskulen

Det knyta seg usikkerheit til kulturskulen sin drift av tiltaket «Korps i skulen». Kor mykje ressursar som kan brukast på dette og korleis den interne og ekstern finansieringa er. Elevtalsutviklinga for hausten var usikker og dette gjaldt spesielt for tilbodet innan div. dans og gruppeundervisninga. Forbruket her var høgt på alle nivå våren 2018. Det vart også ekstra utgifter grunna avslutning av arbeidsavtale. Hausten har vore prega av svært stram styring. Inntektena har vore lågare enn budsjettet. Men eksterne tilskott og lønsrefusjon for våren, gjorde at resultatet ikkje vart verre. Resultatet viser no eit meirforbruk vel kr. 60.000.

### Sykylven bibliotek

Her var forbruket høgt våren 2018. Stram styring prega hausten. Meirutgifter til dataprogramlisensar, frakt på fjernlån og litt på vikarløner er bakgrunnen for avviket på vel 93.000.

### Sykylven kulturhus

